

DANS
DANS
DANS
DANS





RIKSSCENEN

FOLK
ORG



NORSK SENTER FOR
FOLKEMUSIKK
OG FOLKEDANS



MIR

sprang

Bygdelagshuset, Nordahl Bruns gate 22
Kaffistova: Kristian IVs gate 2
MIR, Toftes gate 69
Nynorskens hus, Rosenkrantz gate 8
Riksscenen, Trondheimsveien 2T

Ei folkedansbølge går over landet og det nye året dansast i gong med ein dansefestival over ei heil veke i Oslo!

Dans, Dans, Dans er ein dansefestival med dansefestar, forestillingar, seminar og kurs. Festivalen arrangerast på Riksscenen, NB22, Nynorskens Hus, MIR og Kaffistova, i regi av Sprang, Riksscenen, Noregs Ungdomslag, FolkOrg, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, og medlemslag i Bygdelagssamskipnaden i Oslo og Akershus (BLS).

Velkommen til festival frå 27. januar til 2. februar 2025!



Foto: Knut Utler

Måndag 27. januar:

19.00 - 20.30

Tre kræsjkurs i bygdedans - Klubbscenen, Riksscenen

Dans Dans Dans 2025 startar med tre kræsjkurs i bygdedans i kjellaren på Riksscenen.

Med Vilde Westeng som guide kan du få prøve deg på Valdresspringar, Numedalsspringar og Telespringar.

Kvart kurs varar i 30 min og arrangørar er Valdreslaget i Oslo, Numedalslaget i Oslo og BLS Ung, som alle tre er medlemslag i Bygdelagssamskipnaden i Oslo og Akershus (BLS).

Gratis inngang!



Foto: Runhild Heggem / BLS



Foto: Runhild Heggem / FolkOrg

21.00 - 23.00

Opning, dans og jam - MIR

Velkomen til offisiell opning av årets festival. Vi samlast på MIR til minikonsert, jam og dans.

Gratis inngang!



Tysdag 28. januar:

19.00 - 21.00

Dansekveld med BLS Ung
- Halli, Bygdelagshuset

BLS Ung inviterer til dans i Halli på Bygdelagshuset.

Ingen instruksjon, kun høve til å danse til gode spelemenn.

Gratis inngang!



Foto: Runhild Heggem / BLS

19.30 - 21.30

Kurs i masurka med Leikarringen i BUL Oslo
- Teatersalen, Nynorskens hus

Leikarringen i BUL Oslo arrangerer kurs i masurka.

Nina Losnedahl er instruktør og skal hjelpe deg med "å redde masurkaen".

Billett: 70 kr, betaling i døra!



Foto: Runhild Heggem / BLS

Onsdag 29. januar:

10.00 - 12:30

Fagseminar kuratert av Norsk senter for folkemusikk og folkedans
- Klubbscenen, Riksscenen

Gratis inngang!

18.30 - 21.00**Danseøving med Hallinglaget i Oslo**
- Halli, Bygdelagshuset

18:30 – 19:00 Lausdansøving

19:00 – 21:00 Springarøving, inkl. pause med enkel servering

Hallinglaget i Oslo inviterer til øving med gnistrande hallingspel.

Instruksjon i hallingspringar ein halvtime frå 19:00.

Billett: 50 kr, betaling i døra!



Foto: Vegar Vårdal

18.00 - 22.00**Kurs og danseøving med**
Folkedanslaget Symra
- Storsalen, Bygdelagshuset

18.00 - 19.30 Grunnkurs i gamaldans

19.30 - 20.45 Danseøving med fokus på Finnskogspols

20.45 - 21.15 Kaffipause

21.15 - 22.00 Meire dans, med mellom anna turdans og songdans

Folkedanslaget Symra inviterer til ein innhaldsrik kveld med både grunnkurs i gammaldans og danseøving med fokus på Finnskogspols, der Marianne Dahl leiar dansen.

Gratis inngang!



Foto: Andreas S. Ljones

21.00 - 00.00 Folkemusikkpøbb**- Kaffistova**

Folkemusikkpøbben i Oslo inviterar til jam, dans og song siste onsdagen i månaden på Kaffistova.

Gratis inngang!



Grafikk: Torbjørn B. Lauen

Torsdag 30. januar:

09.00 - 12.30

Danseløftet

- Klubbscenen, Riksscenen

Direkteoverføring frå dialogseminar på Sentralen, i regi av Sparebankstiftelsen DnB, Dansens Hus og Norske Dansekunstnere.

Gratis inngang!

13.30 - 16.00

Fagprogram utøvarar

- Klubbscenen, Riksscenen

Fagseminar og workshop kuratert av FolkOrg.

Gratis inngang!

18.00 - 20.00

Kurs i Springdans frå Vestfold

- Intimscenen, Riksscenen

Springdansen som vil bli lært bort på kurset er ein rekonstruksjon som byggjer i hovudsak på fleire intervju gjort i Vestfold på 1930-talet, av folk som kjente til springdansen. Rekonstruksjonen byggjer også på filmopptak frå Vestfold frå 1977 og av springdanser frå områder i nærleiken.

På kurset vil arbeidet med rekonstruksjonen bli presentert og deretter gått gjennom dei ulike delene av dansen.

Denne springdansen kan sjåast på som eit tillegg til den som dansast av enkelte i Vestfold i dag, altså som eit bidrag til variasjon i tradisjonen.

Kurset passar best for dei som har litt danseerfaring frå før, men det er også høve til å bli med om du er nybyrjar.

Gratis inngang!



Foto: Privat

19.15 - 22.00

**Kurs og danseøving med
Hordaringen**
- Halli, Bygdelagshuset

Hordaringen arrangerer kurs i springar frå Kvam, med innslag av historiske filmar.

Denne dansen er ein enkel lokal springar frå Vestlandet, som alle kan vere med på.

Kaffipause med enkel servering.
Instruktørar er Alix Cordray og Bjørn Ove Opheim.

Billett: 50 kr, betaling i døra!



Foto: Privat

20.30 - 00.00

Folk På Torsdag
- Klubbscenen, Riksscenen

«Siljes Salong» er ein trio med hardingfelespelarane Silje Solberg, Håkon Høgemo og Einar Mjølshes.

Dei kjem til festivalen med eit ferskt debutalbum og dansekonsert med trestemt vestlandsspel.

Trioen har skapa nytt liv i nedstøva runddanslåttar frå Nils Brakvatne frå Osterøy si handskrivne notesamling og spelar fengjande danseslåttar etter spelemenn som Ola Mosafinn, Sjur Helgeland og Arne Høyland.

Etter konserten blir det dansespel med NMH og oppfrisking av springdansen frå Vestfold.

Billett: 290/240/190 kr
(riksscenen.no)



Foto: Oddleiv Apneseth

Fredag 31. januar:

14.00 - 17.00

Visningar av “work in progress” og pitsjestafett

- Klubbscenen, Riksscenen

Riksscenen, i samarbeid med SPRANG, landsdelsscene for dans inviterer til visningar av nye idéar og pitsjestafett.

Visningane er opne for alle og er eit spanande høve til å få sjå starten på komande produksjonar.

Dagen er og eit møtepunkt mellom utøvarar, produsentar og visningsstader.

Estis Mira, Ester Thunander og Mira Leonard

Snøsong, Brigitte Blomlie og Thomas Eriksson

Folkedans i kraftsentrumet Oslo, BLS Ung

Gratis inngang!



Foto: Andreas B. Steen

18:00 - 19:00**Kultivatorpodden Live****- Baren, Riksscenen**

Kultivatorpodden med Mette og Vegar Vårdal inviterer gjester og publikum til ein prat om gammaldansen i Noreg i dag.

Kva er egentlig gammeldans og kvar kjem han i frå? Når hadde runddansen si storheitstid? Korleis ser fremtida ut? Og ikke minst, korleis spilar ein god gammeldans, og kva for musikk likar vi best å danse til?

Gratis inngang!



Foto: Ingvil S. Ljones

19.30 - 20.30**Gammaldansmusikkens historie****- Klubbscenen, Riksscenen**

Arild Hoksnes kjem med sitt foredrag om gammaldansmusikkens historie i Norge gjennom 200 år.

Han tek oss med gjennom dei store hendingane i gammaldanshistoria og har eit musikkhistorisk blikk for korleis vi brukar denne kunnskapen i dag.

Gammaldansmusikkens historie gir oss grunnlag for å tenkje klårt om tradisjonar og nyskaping, seier Hoksnes.

Gratis inngang!




Foto: Heine Schjølberg

19:30 - 20:30**Muerde limones (Flamenco)****- Hovedscenen, Riksscenen**

Festivalens sceniske høgdepunkt er eit gjestespel frå Spania. Muerdelimones er ei grensesprengande reise gjennom flamencoverdenen, der tradisjon møter det uforklarlege.

Forestillinga byr på ein unik musikalsk fusjon mellom jazz, elektro og flamenco blanda med utforskande dans. Og den visast i samarbeid med Oslo International Flamenco Festival.

Jose Manuel Álvarez - dans
Esperanza Fernández - song
Lucas Balbo - perkusjon og trommer
Josep Tutusaus - trombone og elektronikk

Billett: 390/340/290 kr
(riksscenen.no)



Foto: Marta Romerocoll

21.00 - 22.15**Dansekonsert med Madam Jam****- Klubbscenen, Riksscenen**

Med banebrytande runddansmusikk har Madam Jam på svært kort tid engasjert eit heilt folkemusikkmiljø. Dei sju musikarane har vekt mykje åtgauv etter at dei lanserte debutalbumet «van danse» sommaren 2023. Plata vart heidra med Folkelarmprisen i kategorien Dansespel i 2023.

Våren 2025 lanserer gruppa nytt album, og første singelen kjem den 31. januar når dei vitjar Riksscenen!

Steinar Odde – banjo
Pål Bratås – durspel, trekkspel
Øyvind Sandum – durspel, trekkspel
Gro Visdal – kontrabass
Bjørn Kåre Odde – fele, bratsj, hardingfele
Geir Byre – gitar
Kristen Bratås - piano

Billett: 290/240/190 kr
(riksscenen.no)



Foto: Melovitten AS

22.30 - 23.45 Toradarstafett**- Klubbscenen, Riksscenen**

Vi har samla 5 av dei absolutt beste toradarspelarane i Noreg til dansespelstafett!

Silja Lid Stryse
Ulf Arne Johannessen
Inge Gjevre
Pål Brattås
Øyvind Sandum

Gratis inngang!



Foto: Thomas Westling

23.30 - 00.45 Folkesnurr**- Klubbscenen, Riksscenen**

Folkemusikk for dei galne: Folkesnurr samplar, miksar og smadrar alle tradisjonar. Fanten møter elektronisk tabla-tekho! Baklengsstev, radbrukke halling og Tuva-tjuveri. Ingenting er hellig for Folkesnurr, som etter fleire år på Osafestivalen no snurrar seg i hovudstaden for fyrste gong.

DJ Lars har raida både støvete platemagasin på Bergen offentlige bibliotek og hemmelege krinkelkrokar på Ole Bull Akademiet på jakt etter dei aller saftigaste folkemusikalske raritetane. Bendik, animasjonsekspert og designar for Osafestivalen, byr på leikande visuals, medan Anders leverer grenselause grooves på trommer og perk.

Saman med kveldens gjester bringer Folkesnurr folkemusikken inn i nye landskap der alt kan skje. Dette er kvelden for dei som tør å utforske grensene og oppleve noko heilt nytt på dansegolvet!

Gratis inngang!



Foto: Bendik Finborud

Laurdag 1. februar:

10.00 - 17.00

Instruktørkurs i folkedans for vidarekomne instruktører med Noregs Ungdomslag **- Halli, Bygdelagshuset**

1.-2. februar inviterer Noregs Ungdomslag til instruktørkurs i folkedans for erfarne og vidarekomne folkedansinstruktører.

Dette instruktørkurset er for deg som har mykje erfaring som instruktør og folkedansar, og det er forventa at du har eit ynskje om å fordjupe deg i instruksjon og formidling av folkedans. På kurset får du også verktøy for å jobbe med og bli bevisst din eigen dans.

Instruktør på kurset er Vegar Vårdal, ein av landets fremste pedagogar innan folkedans og folkemusikk.

Kurset har eit avgrensa tal med plassar. Interesserte deltakarar må søke om å delta innan onsdag 15. Januar kl. 23:59 ved å fylle ut skjema via Checkin. Kort tid etter denne fristen vil du få svar om du får plass på kurset.

Laurdag 1. februar kl. 10-17

Sundag 2. februar kl. 10-15.

Pris: 500,- for NU-medlemmer, 1000,- for ikkje-medlemmer (inkl. lunsj)

Spørsmål rettast til solveig@ungdomslag.no.

Meir info: ungdomslag.no



Foto: Signe F. Luksengard

15.00 - 20.00

**Dansefest for barn og ungdom,
- Riksscenen**

15.00 - 19.00 Barn mellom 8 og 12 år

Dagen startar med kræsjkurs gammaldans. Vidare vert det dansespel med Slåttestjernene, Follofeler, UFO. Økta avsluttast med kultursti og pizza.

17:00 - 20:00 Ungdom og unge voksne mellom 13 og 26 år

Dagen startar med kræsjkurs gammaldans. Vidare vert det dansespel med Spelesauene, Bølingen Allstars og Bergrosa Juniorspelemannslag. Økta avsluttast med pizza, før dei blir invitert opp til dansefesten på hovudscena.

Gratis inngang for alle opp til 26 år!

Ungdommene får også gratis inngang til dansefesten på Hovedscena.



Foto: Knut Utler

18:00 - 19:30, Kræsjkurs i gammaldans med Frøy

- Hovedscenen, Riksscenen

Leikarringen Frøy inviterer til kræsjkurs i gammaldans. Dei jobbar for å spre norsk folkedans til studentar i Ås, og tek med seg den gode stemninga og dansegleda dei har på øvingane sine til Oslo.

Bli med for å lære gammaldans før kveldens store dansefest.

Musikarar frå Flatlusa Spelemannslag spelar!

Gratis inngang!



Foto: Frøy

20.00 - 01:30 Dansefest med Kwarts

- Hovedscenen, Riksscenen

Folkemusikkgruppa Kwarts er i dag ei av dei folkemusikkgruppene i Noreg med lengst fartstid. Sidan 1998 har kvartetten sett tydelege spor etter seg i norsk musikkliv. Repertoaret til Kwarts er i hovudsak bygga på norsk tradisjonsmusikk, men hentar også inspirasjon frå andre musikkjangrar. Kombinasjonen av tradisjonsmusikk og eigenkomponert materiale har blitt eit varemerke for kvartetten.

Jo Asgeir Lie - trekkspel),
 Øystein Rudi - fele og hardingfele
 Tom Willy Rustad - kontrabass, toradar, seljefløyte, munnharpe og gitar
 Erlend Styve - vokal og gitar

I tillegg til Kwarts spelar Mariusgenser, Kjetil Myhren, Silja Lid Stryse, Bergrosa Juniorspelemannslag og Buss for tog til dans denne kvelden!

Billett: 290/240/190
 (riksscenen.no)



Foto: Signe F. Luksengard



Foto: Runhild Heggem / FolkOrg

Sundag 2. februar:

10.00 - 15.00

Instruktørkurs med NU

- Halli, Bygdelagshuset

(Fortsettelse frå laurdag.)

13:00 - 13:45

LilleRiksen: "Hva er kropp?" med Anita Vika Langødegård

- Klubbscenen, Riksscenen

I dag får LilleRiksen besøk av Anita som vil ta oss med på ei undrings-reise i kva kroppen er og kva den kan gjere. Med rørsler, dans og tekst vil Anita få oss til å tenke over og undre på kroppen sine fantastiske moglegheiter.

Anita Vika Langødegård - dans og fortelljing

Hilde Fjerdingsøy - musikk

Vetle Springgard - dramaturgi

Gratis inngang!



Foto: Jan Harald Ovrum